



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 49

(2008–2009)

## Noregs deltaking i europeiske romfartsprogram

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 20. mars 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen gjer Nærings- og handelsdepartementet greie for deklareringsane på ministerrådsmøtet i Den europeiske romorganisasjonen ESA i Haag 25. og 26. november 2008. Deklarasjonane blei gitt under føresetnad av at Stortinget samtykte. Det er gjort greie for dei budsjettmessige følgjene for statsbudsjettet 2009. Det er forslag om at det blir innført ei ny ordning med tilsegnfullmakt. Denne fullmakta skal dekkje deklarasjonane som blei gitt på ministerrådsmøtet i Haag, og forpliktingane som står att frå deklarasjonar som blei gitt i tidlegare ministerrådsmøte.

I proposisjonen er det ein kort omtale av romverksemda.

### 2 Romverksemd

Den geografiske plasseringa, topografien og dei store havområda gjer at Noreg har særleg nytte av rombasert infrastruktur innanfor dei fleste samfunnsområda. Deltakinga i programma til ESA gir samfunnsgevinstar i form av mellom anna arbeidsplassar, teknologiutvikling, forskning, miljø- og suverenitetsovervaking, fiskeriforvaltning, navigasjon, værvarsling, redningsteneste og sjøtryggleik.

Noreg har tradisjonar med romverksemd heilt attende til 60-talet med rakettoppskytingar frå Andøya. I løpet av 70-talet utvikla norsk industri ein verdsleiarande posisjon innanfor telekommunikasjon, og på slutten av 90-talet blei Svalbard Satellitt-

stasjon etablert som den leiande bakkestasjonen for å lese ned data frå meteorologi- og miljøsatellittar i polare banar. I 2008 blei nedlesingsstasjonen TrollSat opna ved Troll i Antarktis. Stasjonen gir fleire moglegheiter til å lese ned frå satellittar. I 2008 starta bygginga av den første nasjonale satellitten for automatisk skipsidentifikasjon (AIS) i Noreg. AIS via satellitt gir ei monaleg større rekkjeveridd enn det bakkebaserte systemet som finst i dag. Dette er spesielt viktig i nordområda, der tøft klima, store avstandar og sårbart miljø stiller nye krav til overvaking.

Gjennom norsk romverksemd får vi kostnads effektive løysingar som dekkjer offentlege, kommersielle og private brukarbehov. Satsinga på romverksemd er eit aktivt grep for å utvikle arbeids- og næringsliv i framtida. Romverksemda utviklar spissteknologi som legg eit grunnlag for Noreg som ein innovativ og kunnskapsbasert økonomi.

### 3 Norsk Romsenter

Norsk Romsenter blei oppretta i 1987 som ei stifting under Industridepartementet. Det skjedde samstundes med at Noreg blei medlem av ESA. Romsenteret forvaltar den norske medlemskapen i ESA og følgjer opp andre saker i høve til nasjonal og internasjonal romverksemd.

I 2004 blei Norsk Romsenter omdanna frå ei stifting til eit statleg forvaltningsorgan under Nærings- og handelsdepartementet. Hovudmålet til Norsk Romsenter er å medverke til at romverksem-

da skal gi vesentleg og kontinuerleg hjelp til verdiskaping, innovasjon, kunnskapsutvikling, miljø- og samfunnstryggleik.

Norske rombedrifter er blitt verdsleiane på områda med hjelp av dei offentlege løyvingane til romverksemd. Det syner at langsiktig offentlig innsats er sentral i utviklinga av romindustrien. Den industrielle dimensjonen er teken inn i hovudmålet til Norsk Romsenter ved at romverksemda skal medverke til større verdiskaping og vere ei innovasjonskjelde.

Norsk Romsenter har eit omfattande samarbeid med undervisningssektoren. Det er eit satsingsområde. Norsk Romsenter har også ansvar for å drive informasjonsarbeid om romverksemda. Romverksemda medverkar til å gjere dei unge merksame på og interesserte i realfag.

## 4 Romverksemd og samfunnsnytte

Dei statlege løyvingane til romverksemda har stor nytteverdi innanfor fleire samfunnssektorar. Utnytting av rommet er heilt avgjerande for ei forsvarleg og effektiv drift av samfunnet. Kjenneteikn ved romverksemda er at teknologiutvikling, brukarinteresser og strategiske omsyn er ein del av nær sagt alle prosjekt, og at ringverknadene av verksemda ofte viser seg på fleire område både innanfor og utanfor romverksemda. Nærings- og handelsdepartementet har særleg fokusert på industriutvikling. Det har lege til grunn sidan oppstarten på 1960-talet.

### *Industriinteresser og teknologi*

ESA-programma gir norsk industri oppdrag der bedriftene kan utvikle spissteknologi. Som fylgje av regelen om garantert industriretur får norsk industri utviklingsoppdrag i ESA krone for krone (administrasjonskostnader er trekt frå).

Romverksemda får omfattande ringverknader for høgteknologisk industri. Som eit ledd i den kontinuerlege evalueringa av det norske ESA-bidraget, gjer Norsk Romsenter kvart år ei omfattande undersøking blant verksemdene som får ESA-kontraktar. Undersøkingane viser blant anna at kvar krone Noreg går inn med i ESA, utløyser nye industrikontraktar på 4,6 kroner på den kommersielle marknaden. Romindustrien omsette for 5,4 mrd. kroner i 2007 og hadde ein eksportdel på over 70 prosent.

Dei norskproduserte, romrelaterte varene og tenestene er for det meste svært avanserte teknologiprodukt. Noreg har mellom anna verdsleiane in-

dustri innanfor mobil satellittkommunikasjon. Denne industrien dreg aktivt nytte av ESA-innsatsen. Målsetjinga er å nytte ESA til å utvikle navigasjonsindustrien i den same retninga.

I mange tilfelle har teknologi som opphavleg har blitt utvikla for romfartsformål, blitt brukt til heilt andre samfunnsnyttige formål. Romteknologi har også gitt materiale med nye og betre eigenskapar.

Norske verksemdar bruker erfaringar frå rommet på fleire område, frå medisinsk avbiling til logistikkssystem i verksemdar til havs. Dette er døme på at spissteknologi som blir utvikla i romverksemda, har positive ringverknader på andre samfunnsområde.

### *Brukarinteresser*

Noreg har eit stort territorium og spreidd busetnad. Det krev effektive infrastrukturløysingar for kommunikasjon, navigasjon og informasjonsinnhenting. Satellittbaserte løysingar er ofte meir kostnadseffektive og inneheld fleire moglegheiter enn bakkebaserte alternativ.

Eksempel på bruksområda til satellittane er miljøovervaking, ressursforvaltning, suverenitetsheving, vêrvarsling, navigasjon, kringkasting, telekommunikasjon og naudvarsling. Deltaking i ESA-programma gir ikkje berre Noreg tilgang til informasjonen som satellittane samlar inn, men også høve til å påverke val av prosjekt, og dermed kva data som skal målast. På grunn av at Noreg har låg folketettleik, stort areal og ligg langt mot nord, er vi eitt av dei landa som har størst bruksnytte av satellittar.

Noreg satsar på å utvikle tenester som tilfredsstiller dei spesielle behova vi har som maritim nasjon og forvaltar av store land- og havområde. Ei effektiv overvaking av nordområda, med tanke på både ressursforvaltning, miljøovervaking og suverenitetsheving, avheng av informasjon frå jordobservasjonssatellittar (for eksempel satellittbilete). Dette gjeld mellom anna kontroll og overvaking av fiskeflåten som opererer i dei havområda der Noreg har forvaltaransvar.

Jordobservasjonsdata er avgjerande for å få innsikt i korleis jorda som system fungerer, og for å etablere samfunnsviktige tenester. Dei fleste jordobservasjonssatellittane går i bane over polane. Sidan satellittane ofte passerer over norsk territorium, gir den nordlege plasseringa vår eit unikt utgangspunkt for kostnadseffektiv nedlesing av data. I tillegg til bakkestasjonen på Svalbard er det bygd ein nedlesingsstasjon på Troll i Antarktis. Stasjonen har opna for å lese ned data frå satellittar i polare

banar som går over begge polområda. Dette er nytta til kommersiell tenesteyting.

Vêrvarslinga har også hatt ei omfattande utvikling sidan ein fekk tilgang på satellittbilete. ESA og Den europeiske mellomstatlege meteorologisatellittorganisasjonen EUMETSAT har utvikla ein ny generasjon meteorologisatellittar som gir sikrere data om vêr- og klimaendringar. Satellittane har spesiell nytte for vêrvarsling i norske interesseområde.

Ei aktiv deltaking i satellittnavigasjonsprogrammet Galileo vil føre til større tryggleik og effektivitet innanfor transportsektoren, og vil gi nye moglegheiter innan sektorar som krev høg presisjon innanfor stad- og tidfesting. Som deltakar i dette programmet vil Noreg arbeide for at systemet skal levere viktige navigasjonstenester over heile landet. Galileo er eit samarbeidsprosjekt mellom EU og ESA. Deltakinga i utviklingsfasen av Galileo går fram til 2010 og har gitt norsk industri omfattande utviklingsoppdrag.

Frå byrjinga av 1980-talet har Noreg delteke i eit internasjonalt program der satellittar blir brukte for å overvake naudfrekvensane for redningstenesta, det såkalla COSPAS/SARSAT-programmet. Sidan Noreg har ansvar for livredding på store havområde utanfor norskekysten, er satellittbasert naudvarsling eit sentralt hjelpemiddel. Når Galileo er operativt, vil systemet tilby søk- og redningstenester med betre dekning i nordområda og raskare formidling av naudsignal.

### *Forskinsinteresser*

Vitskapsprogrammet til ESA utviklar mellom anna sonder som utforskar verdsrommet. Den norske deltakinga i ESA sikrar at norske forskingsmiljø kan delta i prosjekt der dei har spesielle interesser og spesiell kompetanse, til dømes innanfor solforskning og utforskning av det nære verdsrommet. Deltaking i utviklinga og drifta av den internasjonale romstasjonen (ISS) sikrar at norske eksperiment kan gjennomførast på ISS. Det gjeld planteforsøk, materialteknologi og utforskning av den øvre atmosfæren.

Det norske fokuset og dei norske behova innanfor polar-, miljø- og havforskning blir støtta gjennom deltaking i jordobservasjonsprogramma til ESA. Dei norske polarområda er unike og svært verdifulle i forskningssamanheng. Forskarar frå heile verda nyttar data frå polarområda. I tillegg er det stor interesse for atmosfæriske fenomen som nordlys. På dette området har norske forskarar lenge vore mellom dei fremste i verda. Moderne nordlysforskning er heilt avhengig av instrument som blir skotne opp frå Andøya og Ny-Ålesund. Ein internasjonal samar-

beidsavtale sikrar at eit stort forskarmiljø har tilgang på dei norske fasilitetane.

### *Distriktsinteresser*

Noreg har ein geografisk føremon når det gjeld nedlesing av satellittdata og oppskyting av rakettar og ballongar som studerer nordlyset. Noreg har etablert satellittstasjonar i Longyearbyen og i Tromsø og rakettskytefelt på Andøya og i Ny-Ålesund. Romverksemda fører til attraktive, høgteknologiske arbeidsplassar i distrikta. Samtidig er bruken av satellittbaserte tenester spesielt nødvendig for verksemd i distrikta og nordområda.

I oktober 2008 blei sensorstasjonen på Jan Mayen opna. Stasjonen har ført til at GPS-dekkinga og tryggleiken i nord har blitt betre. I åra som kjem, vil norsk romfartspolitikkk gi viktige tilskot til nordområdesatsinga til regjeringa.

## **5 Rådsmøte på ministernivå, Haag – 25. og 26. november 2008**

ESA-programma blir finansierte ved at medlemsland deklarerer deltaking under kvart program. Det skjer i hovudsak på rådsmøte på ministernivå. Ministerrådsmøta blir til vanleg haldne kvart tredje år. Det siste møtet blei halde i Haag 25. og 26. november 2008.

Her var det stor oppslutnad mellom medlemslanda i ESA om å prioritere offentleg satsing på romverksemd. Store delar av bidraga til medlemslanda er knytte til vidareføring av eksisterande program. For dei nye programma deklarererte medlemslanda for 98 prosent av det estimerte budsjettet til ESA. Det blei vedteke å starte opp fleire nye program, mellom anna eit program for å utvikle ein tredje generasjon med meteorologisatellittar (Meteosat Third Generation) og klimaprogrammet Climate Change Initiative. ESA har ein tydeleg miljøprofil og er mellom anna operasjonelt ansvarleg for utviklinga og utbygginga av miljøsatellittovervakingssystemet til EU, GMES. Prioriterte område for europeisk romverksemd er romforskning, sikring av strategisk infrastruktur i rommet og utvikling av europeisk romindustri til ei innovativ, berekraftig og konkurransedyktig næring.

## **6 Kontingent i ESA**

Utgiftene til administrasjons- og vitskapsprogrammet til ESA blir dekte gjennom obligatorisk innbetaling av kontingent frå medlemslanda. I ESA-kon-

vensjonen som Noreg slutta seg til i 1987, blir det fastslege at medlemslanda skal betale kontingent etter ein skala som blir vedteken med to tredjedelar fleirtal. Skalaen bygger på den gjennomsnittlege netto nasjonalinntekta (NNI) til medlemslanda for dei siste tre åra. Kontingenten blir betalt i euro.

I perioden 2005–2008 har Noreg betalt kontingent til ESA på 2,06 prosent av totalbudsjettet. Den norske delen er sett til 2,24 prosent av totalbudsjettet for dei neste tre åra. Årsaken til auka er at den økonomiske utviklinga i Noreg har vore god samanlikna med fleire europeiske land dei siste åra. For å kompensere for prisauka vart driftsbudsjettet justert med 2,5 prosent i året.

Medlemslanda blei einige om å justere rammane for vitskapsprogrammet. Budsjettet skal justerast nominelt med 3,5 prosent i året. Norske verksemder skal ha utviklingsoppdrag som svarer til dei norske bidraga til vitskapsprogrammet.

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) blei det tatt omsyn til ein forventet auke av den norske kontingenten. Valutakursjusteringar kan føre til justering av kontingenten for 2009.

## 7 Deltaking i ESA-programma

Dei siste ti åra har det vore ei sterk utbygging av romverksemda. På kort tid har romverksemda blitt ein umisteleg del av infrastrukturen i samfunnet. Noreg er avhengig av internasjonalt samarbeid for å utvikle rombasert infrastruktur. Det oppnår vi gjennom å delta i internasjonale organisasjonar som ESA. For at Noreg skal vere ein interessant samarbeidspartnar, er vi avhengige av nasjonal kompetanse og industriell basis. Midlane over budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet bidreg sterkt til dette.

I hovudsak blir programma til ESA finansierte av medlemslanda. Medlemslanda vedtek vanlegvis nye program i samband med ministerrådsmøta. Programma går normalt over 3 til 15 år. Løyvingane frå medlemslanda er i utgangspunktet fastsette i tråd med NNI-andelen til landet, men regelverket opnar for eit deltakarnivå over NNI eller ned til ¼ NNI. I kvart program skal norske aktørar få utviklingsoppdrag som svarer til den norske løyvinga.

I St.prp. nr. 1 (2008–2009) i kapittel 922 Romvirksomhet blei det informert om at vedtaka på ministerrådsmøtet i ESA ville kunne føre til endringar i løyvingane til ESA-programma. Nærare omtale av programma som Noreg vil delta i, står i kapittel 8. Under ministerrådsmøtet i Haag deklarerer Noreg nye forpliktingar på 89,9 millionar euro med utbetalingar fram til 2020. Det blei teke atterhald om at

Stortinget samtykte. Løyvingsbehovet som følgje av framdrifta i dei ulike programma blir lagt fram for Stortinget i dei årlege budsjettproposisjonane i tråd med gjeldande praksis.

## 8 Nærare omtale av programma til ESA

Den viktigaste årsaka til norsk engasjement i nasjonal og internasjonal romverksemd har vore omsynet til industri- og teknologiutvikling. I framtida vil det også vere ei sentral målsetjing at dei statlege løyvingane til romverksemd skal utløyse forskning og utvikling på viktige teknologiområde. Med utgangspunkt i dette blei dei norske deklarasjonane under ministerrådsmøtet konsentrerte om program som gir gode industrielle moglegheiter for norske verksemder. Tabell 8.1 viser deklarererte norske forpliktingar ved ministerrådsmøtet i Haag i november 2008.

### *Teknologiutvikling og innovasjon*

GSTP (General Support Technology Programme) blei etablert for å utvikle og kvalifisere kritiske teknologiar for å dekkje dei forventede behova til ESA, men er i seinare fasar i stadig aukande grad blitt marknadstilpassa i samsvar med ønska til industrien. Fleire marknadsnære prosjekt er baserte på industriell medfinansiering. Programmet blir i stor grad koordinert med dei andre initiativa til ESA for innovasjon og nyskaping.

Ei vidareføring av deltakinga i GSTP vil gjere det mogleg å vidareutvikle leiarande norsk teknologi mot kommersielle marknader og gjennomføre naudsynt kvalifisering av produkta for vitskaps- eller bruksprogramma til ESA. Omfanget av deltakinga vil vere utslagsgivande for generelle og langsiktige teknologiutviklingsaktivitetar og utvikling av brukarteknologi knytt til jordobservasjon og navigasjon. Programaktivitetane forsterkar verknaden av nasjonale følgjeprogram. I perioden 2009–2013 har Noreg deklartert deltaking i vidareføringa av GSTP med 17,3 millionar euro.

PRODEX (Programme de développement d'expériences scientifique) er eit program som er oppretta for å gi mindre medlemsland betre høve til å delta med eksperiment på ESA-satellittane. I tillegg vil deltakinga styrkje den nasjonale forskingsbruket av informasjon frå desse satellittane. Ein stor del av deltakinga vil vere direkte knytt til utviklinga av naudsynt teknologi og nye metodar. Noreg har deklartert deltaking på 3,3 millionar euro i perioden 1999–2013.

Det blei vedteke at GMES Service Element skulle vidareførast fram til 2011. Det er eit tenesteutviklingsprogram knytt til GMES. Programmet er særst interessant for norsk industri, både frå eit bruks- og frå eit industriperspektiv. I perioden 2009–2011 har Noreg deklartert deltaking i GMES Service Element med 1,5 millionar euro.

#### *Satellittkommunikasjon*

ARTES (Advanced Research in Telecommunications Systems) gir verksemdar høve til å gjennomføre aktivitetar innanfor system-, teknologi- og utstyrsutvikling. Målet er å styrkje konkurranseevna til europeisk industri innanfor satellittkommunikasjon. Programmet blir derfor gjennomgått kvart år i nært samarbeid med europeisk industri. Kontraktar som blir inngått med industrien, er til vanleg bygd på medfinansiering.

Noreg har verksemdar som er leiande innanfor nisjane på den globale marknaden for satellittkommunikasjon. Derfor er det viktig at norsk industri får høve til å delta i ESA-prosjekta på lik linje med konkurrentane. Dei kan dermed delta i samarbeidskonstellasjonar med dei store europeiske romverksemdene. I perioden 2009–2013 har Noreg deklartert deltaking i vidareføringa av ARTES på 15,7 millionar euro.

#### *Satellittnavigasjon*

European GNSS Evolution programme er eit ESA-program som blei starta i 2007 (fase 1). Programmet er eit viktig supplement til validering og vidareutvikling av satellittnavigasjonssystema EGNOS og Galileo. Den norske målsetjinga er å bidra til at norsk industri blir konkurransedyktig for leveransar til GNSS, og sikre at EGNOS og Galileo fungerer like godt på nordlege breiddegrader som i resten av Europa. Dette programmet er det einaste i Europa innanfor satellittnavigasjon der ein fokuserer på interessene våre i nord. Fase 2 er opna for deklarasjon og skal gå i perioden 2009–2011. For perioden har Noreg deklartert deltaking i GNSS Evolution Extension med 3,5 millionar euro.

#### *Jordobservasjonsprogram*

Jordobservasjonsinformasjon er avgjerande for å få innsikt i korleis jorda fungerer som system, og for å etablere samfunnsviktige tenester. GMES-programmet (Global Monitoring for Environment and Security) sikrar norske brukarar tilgang på viktige data for å overvake havområda våre i nord. Programmet er delt i to: GMES Space Component og

GMES tenesteutviklingsprogram. Tre jordovervakingsatellittar er under bygging. For perioden 2009–2017 har Noreg deklartert deltaking på 8,6 millionar euro i GMES Space Component.

Meteosat Third Generation (MTG) er eit vêrsatellittprogram som skal gjennomførast i samarbeid med Den europeiske meteorologiske satellittorganisasjonen EUMETSAT. Over tid vil det resultere i 6 operative satellittar i geostasjonær bane med den første oppskytinga rundt 2015. For perioden 2009–2020 har Noreg deklartert deltaking i MTG med 11,5 millionar euro.

Det nye programmet Climate Change Initiative byggjer på ekspertisen i Europa innanfor prosessering, generering og utnytting av globale satellittdata. Gjennom programmet vil ein gjere satellittdata tilgjengeleg for internasjonale klimapanel over lengre tid. Programmet vil gi viktig informasjon om, og betre forståing av klimaendringane på sikt. Noreg har deklartert deltaking i programmet med 2,5 millionar euro for perioden 2009–2014.

#### *Romstasjon, mikrogravitasjon og utforsking av solsystemet*

Noreg skal delta i den internasjonale romstasjonen (International Space Station, ISS). Forpliktinga er nedfelt i ein eigen fleirnasjonal avtale. Fleire norske forskarar deltek med eksperiment om bord på romstasjonen. Noreg har deklartert deltaking med 7,2 millionar euro for perioden 2008–2012.

Noreg deltek i mikrogravitasjonsprogrammet ELIPS (European Programme for Life and Physical Sciences and Applications in Space). I dei førre fasane av programmet har Noreg hatt god industriretur. Noreg har deklartert deltaking i vidareføringa av dette programmet på 4,6 millionar euro for perioden 2008–2012.

ESA-programmet for utforsking av solsystemet, Aurora, blir forlenga fram til 2016. Ein milepåle er å lande med eit køyretøy på Mars for å undersøkje forholda for liv. Noreg har derfor utvida den deklarterte deltakinga i Aurora Enhanced ExoMars til 1,6 millionar euro.

#### *Romovervaking*

ESA har starta eit eige program innanfor romovervaking (Space Situational Awareness – SSA). Målet er å greie ut og leggje til rette for eit operativt, europeisk sjølvstende innanfor deteksjon og sporing av satellittar og romsøppel, varslings av romvær som kan påverke satellittar, astronautar og bakkeinfrastruktur, i tillegg til overvaking og varslings av asteroidar og kometar som passerer nær jorda. I Noreg

er det interesse og kompetanse innanfor alle dei tre felt, men særleg innanfor romvêr og baneberekning. Noreg har deklartert deltaking i SSA på 2,2 millionar euro for perioden 2009–2011.

### Romtransport

Noreg deltek i romstasjonsprogrammet til ESA for å sikre etablerte norske utviklings- og produksjonsaktivitetar. Utviklinga av nye bererakettar sikrar også at Europa er uavhengig av andre romnasjonar på dette området og garanterer at Europa har ein uavhengig tilgang til rommet.

Ariane-5 Post ECA er eit program for å utvikle eit nytt øvre trinn til bereraketten Ariane-5. Norsk industri er posisjonert for å vidareutvikle produkt som dei i dag leverer til Ariane-5. Noreg har deklartert deltaking i programmet på 5 millionar euro for perioden 2009–2011.

Ariane-5 ARTA (Ariane-5 Research and Technology Accompaniment Programme) skal sikre at bereraketten Ariane-5 er påliteleg og held høg kvalitet. Norsk deltaking er naudsynt for å ta vare på kvalitetssikringa av norske produksjonsleveransar. Noreg har deklartert deltaking i vidareføringa av ARTA med 1,4 millionar euro for perioden 2011–2013.

FLPP (Future Launchers Preparatory Programme) skal skaffe systemkompetanse og nødvendig teknologi for framtidige bererakettar. Norsk deltaking sikrar posisjonering og tilpassing av norskutvikla teknologi. Norske verksemdar får dermed vidareført engasjementet sitt innanfor dette segmentet. Noreg har deklartert deltaking i vidareføringa av FLPP med 4 millionar euro for perioden 2009–2012.

Tabell 8.1 Nye norske deklarasjonar til ESA-programma

| Område                                                    | Program                                                 | Beløp i mill. euro | Periode   |
|-----------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|--------------------|-----------|
| Teknologiutvikling og innovasjon                          | PRODEX                                                  | 3,30               | 2009–2013 |
|                                                           | GSTP Period 5                                           | 17,30              | 2009–2013 |
|                                                           | GMES Service Element                                    | 1,50               | 2009–2011 |
| Satellittkommunikasjon                                    | ARTES (Advanced Research and Telecommunication Systems) | 15,70              | 2009–2013 |
| Satellitnavigasjon                                        | European GNSS Evolution Extension                       | 3,50               | 2009–2011 |
| Jordobservasjonsprogram                                   | GMES Space Component Segment 2                          | 8,60               | 2009–2018 |
|                                                           | Meteosat Third Generation                               | 11,50              | 2009–2020 |
|                                                           | Climate Change Initiative                               | 2,50               | 2009–2014 |
| Romstasjon, mikrogravitasjon og utforsking av solsystemet | ISS Exploitation Period 3–Fixed                         | 5,80               | 2008–2012 |
|                                                           | ISS Exploitation Period 3–Variable                      | 1,40               | 2008–2012 |
|                                                           | ELIPS Period 3                                          | 4,60               | 2008–2012 |
|                                                           | Aurora Enhanced ExoMars                                 | 1,60               | 2009–2016 |
| Romovervaking                                             | Space Situational Awareness Period 1                    | 2,20               | 2009–2011 |
| Romtransport                                              | Ariane 5 ARTA 2011–2013                                 | 1,40               | 2011–2013 |
|                                                           | Ariane-5 post ECA                                       | 5,00               | 2009–2011 |
|                                                           | FLPP Period 2 Step 2 SDT                                | 4,00               | 2009–2012 |
| Sum                                                       |                                                         | 89,90              |           |

Drifta av oppskytingsbasen CSG Kourou i Fransk Guyana er knytt til den obligatoriske kontingenten. Drifta blir rekna ut etter ein skala basert på kor stor del av produksjonen til nasjonane som går til Ariane-rakettane, og av gjennomsnittleg netto nasjonalinntekt.

## 9 Økonomiske og administrative følger

Deltakinga i nye ESA-program får ingen administrative følger. Deltakinga i nye ESA-program blir ivareteke av den eksisterande administrasjonen i Norsk Romsenter.

Tabell 9.1 Forventa utbetalingsprofil for forpliktingane som blei inngått ved ministerrådsmøtet i Haag

| År                               |        | 2009 | 2010  | 2011  | 2012  | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017  | sum   |
|----------------------------------|--------|------|-------|-------|-------|------|------|------|------|-------|-------|
|                                  |        |      |       |       |       |      |      |      |      | –2020 |       |
| Nye frivillige program Haag 2008 | Euro   | 3,2  | 20,4  | 25,2  | 13,1  | 10,6 | 6,6  | 4,1  | 3,5  | 3,2   | 89,9  |
|                                  | Kroner | 25,9 | 165,2 | 204,1 | 106,1 | 85,9 | 53,5 | 33,2 | 28,4 | 25,9  | 728,2 |

Av forpliktingane som er inngått i Haag, blir det rekna med at 3,2 millionar euro må utbetalast i 2009. På grunn av valutakursjusteringar, framdrifta i løpande ESA-program og utbetalingskrav knytte til forpliktingar som blei inngått i Haag, vil Nærings- og handelsdepartementet komme attende med eventuelle endringar i løyvinga for 2009 under kapittel 922, post 71.

På ministerrådsmøtet i Haag blei det inngått forpliktingar på 89,9 millionar euro. Desse kjem i tillegg til forpliktingar som blei inngått i tidlegare ministerrådsmøte. Ved inngangen til 2009 utgjorde dette 93,3 millionar euro. Dei samla forpliktingane utgjer dermed 183,2 millionar euro. For 2009 er det

vedteke ei løyving på 29,5 millionar euro. Ut frå dette er det behov for ei tilsegnfullmakt på 153,7 millionar euro for 2009.

Nærings- og handelsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under forslaget til proposisjon til Stortinget om Noregs deltaking i europeiske romfartsprogram.

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om Noregs deltaking i europeiske romfartsprogram i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag**

# **til vedtak om Noregs deltaking i europeiske romfartsprogram**

### **I**

#### *Tilsegnsfullmakt*

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og handelsdepartementet i 2009 kan gi tilsegn om tilskot på 153,7 millionar euro i tillegg til den eksisterande løyvinga for å delta i dei frivillige programma til Den europeiske romorganisasjonen ESA. Samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar skal likevel ikkje overstige 183,2 millionar euro.

---

---